

KONTROLLUTVALET FOR AUSTRHEIM KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 27. april 2015
Stad: Kommunehuset – Møterom Børilden 3. etg
Kl.: 12.00 – 16.00
Tilstades: Solveig Hopen - leiar, Arne Kästel og David Sætre Ludvigsen
Innkalla: Økonomisjef til sak 21/15, Rådmann til sak 21/15 og 23/15
Revisjon: Reidar Bjørsvik
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

18/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

19/15 Godkjenning referat frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå 16.03.15 vart godkjent slik den ligg føre.

20/15 Skriv og meldingar

- Fylkesmannen – Austrheim kommune sitt budsjett for 2015
- Fakturering av Ability – svar på henvending frå kontrollutvalet i sak 12/15

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning og forventar at kommunen føl opp fakturaen som er sendt til Ability med forfallsdato 28.02.15. Det er opplyst om at det er sendt purring 15.04.15.

21/15 Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding for 2014

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding frå rådmann, revisjonsmelding og revisjonsuttale.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2014, og stilte spørsmål til økonomisjef og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

Det vart vurdert om leiar i kontrollutvalet er inhabil til kommentaren i revisjonsrapport 11 til sak 042/13 i kommunestyret om veganlegg ved Kommunehuset. Medlemmane i kontrollutvalet vedtok at leiar var habil.

Samrøystes vedtak 27.04.15:

Kontrollutvalet vedtok å gi slik uttale til kommunestyret om Austrheim kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2014:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2014.

Saman med årsrekneskapen låg det føre ei årsmelding frå rådmann. Revisjonssjefen gjekk igjennom revisjonsmelding for 2014 og revisjonsrapport nr 11 frå Nordhordland Revisjon IKS.

Kontrollutvalet merker seg at netto driftsresultat i 2014 er minus 7,1 mill. kr, det er om lag 12,5 mill. kr dårlegare enn i 2013. Driftsinntektene aukar med 1,9 %, mens driftsutgiftene aukar med heile 8,2 %. Lønnsutgiftene aukar med 8,3 %, det er høgare enn lønnsoppgjeret slik at der er ein aktivitetsauke som økonomien ikkje gjev rom for.

I 2013 vart det inntektsført 6,2 mill kr frå momsrefusjon frå investeringar, i 2014 så vert ikkje den momsrefusjon inntektsført i drift. I tillegg kan det vere relevant å korrigere netto driftsresultat for avsetning og bruk av bundne fond. Da får ein fram eit korrigert netto driftsresultat på minus 7,8 mill kr, i 2013 var det minus 1,6 mill kr.

	2014	2013
Netto driftsresultat	-7,1	5,4
- Momskompensasjon investering	0,0	-6,2
- Avsatt /+ bruk av bundne fond (netto)	-0,7	-0,8
Netto driftsresultat korrigert	-7,8	-1,6

Det viser at kommunen ikkje har hatt eit tilfredsstillande netto driftsresultat dette året og er avhengig av å forbetre det for å nærme seg det anbefalte kravet om å ha eit netto driftsresultat på 1,75 %. For å oppnå dette betyr det ei auke i netto driftsresultat på 11 mill. kr.

Kontrollutvalet er uroa for overforbruket på 3,8 mill kr. Tendensen er at det er mange av ansvarsområda som har eit avvik frå budsjettert forbruk og at det dermed vert eit ganske betydeleg overforbruk. I tillegg er inntektene lågare enn budsjettert. Det gir eit rekneskapsmessig meirforbruk på 5,1 mill kr. Det gjer at kommunen ikkje lenger har noko disposisjonsfond når underskottet for 2014 er dekkja inn.

Den langsiktige gjelda utanom pensjonsforpliktingar har auka med 8 mill kr i 2014. Kommunen har ei høg lånegjeld og ein auke i rentenivået vil påverke kommunen sin økonomi negativt.

Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar – kortsiktig gjeld utan premieavvik) er eit mål for kommunen sin likviditet. Utan ubrukte lånemidlar så er arbeidskapitalen nesten lik null.

Note 7 viser sjølvkostrekneskapen for vatn og avløp er no endra. Noten er no endra slik at tidlegare underskott går fram, slik kontrollutvalet peika på i sin uttale for 2013 rekneskapen.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet har merka seg revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapport nr 11, 23.04.15 der det mellom anna er peika på:

- Manglande konkurranseutsetting av vegprosjekt kommunehus
- Budsjettskjema 1B har avvik med opphavleg budsjett
- Budsjettstyringa må bli betre

Kontrollutvalet vil følgje opp revisjonsrapporten i eit seinare møte.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 23.04.2015 og revisjonsrapport datert 23.04.2015, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Austrheim kommune for 2014.

22/15 AS Austrheim Næringssselskap sin forskottsutbetaling av kr 825.000 til Breidvik Eiendom AS – oppfølging av sak 14/15

I sak 14/15 står det følgjande:

Saksvedlegg:

- Avtale mellom Breidvik Eiendom AS og Austrheim Næringssselskap AS – 24.08.10
- Giro – utbetaling av forskott frå Austrheim Næringssselskap AS til Breidvik Eiendom AS – 24.08.10
- Kontoutskrift hovdebok – rekneskap for Austrheim Næringssselskap AS – postering av forskott på - kontonr 1150 Tomt til ungdomsbustadar

Dagleg leiar i AS Austrheim Næringssselskap (AN) har 24.08.10 signert ein avtale om forskottsutbetaling til Breidvik Eiendom AS (BE) på kr 825.000.

I avtalen står der mellom anna følgjande:

Som en del av denne avtale overføres forskudd stort kr. 825.000,- til opparbeidelse av 6 tomter på gnr. 142 bnr. 182 i Austrheim til Breidvik Eiendom AS.

Breidvik Eiendom AS har engasjert Bygg og entreprenørselskapet Walde Bygg til selve byggoppføring og entreprenør Odd Haugen AS til grunnarbeid. Det gis garantipris til kjøper med fastpris på komplett bolig slik dette fremkommer i tidligere avtaler.

I selskapskontrollen frå Ernst & Young blir det slått fast at denne avtalen skulle vore handsama av styret, noko den ikkje var. Det var ikkje innafor dagleg leiar sin mynde og undertekne ein slik avtale og er eit brot på aksjeloven.

I og med at dette var ein forskottsutbetaling bad kontrollutvalet om å få tilsendt den dokumentasjon som var for rekneskapsføringa. Den dokumentasjon som er tilsendt er ein bankgiro som var undertekna av dagleg leiar og styreleiar 24.08.10 og at kostnaden er ført i rekneskapen på konto «1150 Tomt til ungdomsbustader». På bankgiroen står det, «Forskot opparbeiding av gnr 142 bnr 182 i Austrheim». I rekneskapen er der nytta teksten «Forskot opparb parkeringsplass».

Bokføringsloven og forskrift om bokføring set krav til dokumentasjon i rekneskapen. Der skal være dokumentasjon (faktura) som viser følgjande, forskrift om bokføring § 5-1-1:

1. Nummer og dokumentasjonsdato,
2. angivelse av partene,
3. ytelsens art og omfang,
4. tidspunkt og sted for levering av ytelsen,
5. vederlag og betalingsforfall, og
6. eventuell merverdiavgift og andre avgifter knyttet til transaksjonen som kreves spesifisert i lov eller forskrift. Merverdiavgift skal angis i norske kroner.
7. Hvis kjøper skal beregne og betale merverdiavgift etter merverdiavgiftsloven § 11-1 annet eller tredje ledd, skal salgsdokumentet merkes: «Omvendt avgiftsplikt – Merverdiavgift ikke beregnet».

I bokføringsloven står det følgjande:

*§ 11. Dokumentasjon av balansen mv.
Ved utarbeidelse av årsregnskap og næringsoppgave skal det foreligge dokumentasjon for alle balanseposter med mindre de er ubetydelige.*

Så langt kontrollutvalet kan sjå er der ikkje lagt fram dokumentasjon som stettar dei krav som er i bokføringsloven og forskriften til dokumentasjon.

I styreleiar sin kommentar til rapporten om selskapskontroll står det følgjande;

«Slik eg og noverande eigar av Kystlandsbyen oppfattar avtalen mellom AN og BE, skulle BE gjere tomtane byggjeklare for tilskottet dei fekk på kr 825.000,-. Dette er faktisk gjort, alle tomtane er planerte, har fått framført veg, vatn, avlaup, straum og fiberkabel.»

Slik kontrollutvalet ser saka no:

- Avtalen om forskottsutbetaling skulle vore handsama av styret
- Det er ingen dokumentasjon på at regelverket for offentlig innkjøp er følgt
- Der er ikkje lagt fram dokumentasjon som tilseier at det faktisk er levert nokon vare eller teneste for dei 825.000,- slik lovverket krev.
- Det er ikkje lagt fram noko dokumentasjon som tilseier at det skulle vore aktivert i rekneskapen under varige driftsmiddel
- Utan nokon faktura frå Breidvik Eiendom AS/Kystlandsbyen AS med naudsynt underdokumentasjon frå entreprenør Odd Haugen AS så vurderer kontrollutvalet at dette er å sjå på som eit uoppgjort forskott.

For å få belyst saka ytterlegare ønskjer kontrollutvalet følgjande:

- Det blir bedt om ein uttale frå revisor og rekneskapsfører om dei 825.000,- som er ført (aktivert) i rekneskapen for 2010 med omsyn til dei krav som er til dokumentasjon i rekneskapen.
- AS Austrheim Næringselskap vert også bedt om å komme med uttale

I rekneskapen for 2013 er det dessutan ført tilgang på varige driftsmiddel med kr 87.288,-. Kontrollutvalet ønskjer også å få ein dokumentasjon frå rekneskapen kva dette er.

Samrøystes vedtak:

Saka vert tatt opp igjen på neste møte. Sekretæren får i oppdrag å sende dei spørsmål som kontrollutvalet ønskjer å få svar på frå dei ulike aktørane.

Til møte 27.04.15

Saksvedlegg:

- Revisor brev nr 2-2015 – frå Statsautorisert revisor Helge Frosta
- Brev frå rekneskapsførar Ole Moen AS – 08.04.15
- E-post frå ordførar 17.04.15 – vedrørande AS Austrheim Næringssselskap sin forskottsutbetaling av 825.000

Statsautorisert revisor Helge Frosta har i nummerert brev 2-2015 30.04.15 konkludert med følgjande:

Basert på formuleringen i forskriftens §5-2-4, sett i forhold til at forskuddet ble gitt allerede i 2010 og arbeidet for det alt vesentlig er avsluttet pr i dag uten at det foreligger noen fakturering, er det etter mitt syn ett brudd på gjeldende bestemmelse og de underliggende hensyn som gjeldende bestemmelse er ment å dekke.

Jeg er derfor av den oppfatning at det er i strid med Bokføringsforskriften §5-2-4.

Nummerert brev er noko revisor skriv når det mellom anna er brot på regelverket, viser til revisorloven §§ 5-2 og 5-4. Kontrollutvalet ser det som naturleg at det nummererte brevet vert handsama av styret i selskapet og lagt fram for generalforsamlinga.

Rekneskapsførar har ingen merknad til konklusjonen frå revisor i e-post 08.04.15.

I e-post frå ordførar 17.04.15 er det vist til at jobben er gjort, men der er ikkje lagt ved nokon faktura som dokumenterer at selskapet har kjøpt dei tenestene.

Det er ikkje gitt nokon grunngjeving frå selskapet kvifor ein betalte ut på førehand eit så stort beløp.

For at rekneskapaen for 2014 skal kunne bli avlagt må det innhentast faktura som dokumenterer at der er levert varer og tenester til AS Austrheim Næringssselskap frå Breidvik Eiendom AS. Den fakturaen må vere dokumentert med avtalar, fakturaer og utbetalningar til underleverandør som dokumenterer at desse tenestene er levert. Dokumentasjonen må også støtte dei krav som er satt i lovverket.

Kontrollutvalet viser til innsynsrett i alle forhold i eit kommunalt eigd selskap, kommuneloven § 80.

Kravet til dokumentasjon må sjåast med bakgrunn i følgjande:

- Dagleg leiar hadde ikkje fullmakt til å inngå avtale om ein førehandsutbetaling av 825.000.
- Beløpet 825.000 er svært høgt og det er høgst unormalt i byggebransjen å utbetale forskott.

- Regelverket for offentlig innkjøp er ikke fulgt, kjøpet har ikke vore ute på anbud.
- Økonomien i Breidvik Eiendom AS var svak slik at risikoen for tap var stor.
- Det er ikke gitt nokon forklaring på kvifor forskottet er utbetalt.
- Forskottet var utbetalt i 2010 og det ligg ennå ikke føre nokon faktura med underdokumentasjon.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt snarast den dokumentasjon som er etterspurt i saksutgreiinga over, samt rekneskapen for AS Austrheim Næringssselskap 2014 med årsmelding og revisjonsmelding.

Kontrollutvalet vil også ha tilsendt kopi av referat frå styret si handsaming av nummerert brev 2-2015.

23/15 Brev frå NFU – Austrheim lokallag – 02.02.15 – «Krav om innsyn i offentlig dokument- Purring»

Saksvedlegg: Kopi av brev frå NFU
Rådmann stilte til saka.

Rådmann orienterte om saka.

Rådmann opplyser om at NFU no har fått dei svara dei har bedt om.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning. Kontrollutvalet forventar at dei som henvender seg til kommunen får svar innafor dei fristane som gjeld i forvaltningslova. Kontrollutvalet synes det er beklageleg at det har tatt så lang tid før det er kome svar i saka.

24/15 Møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

25/15 Eventuelt

Kontrollutvalet vil på neste møte ha følgjande saker


- Oppfølging av sak 22/15 –
- Byggrekneskap for vegprosjekt kommunehus – revidert av revisjon
- Byggrekneskap for kystbarnehagen – revidert av revisjon

Neste møte i kontrollutvalet vert 31. august kl. 12.00.

Austrheim, 27.04.2015



Arne Kästel/ nestleiar



Solveig Hopen /leiar



David Sætre Ludvigsen/medlem



Tonje Husum Aarland/sekretær

